Blad i postabonnement

BLAD

**Returadresse:**
**Kyrkjebakken**
**Austrheimsvegen 1262**
**5943 Austrheim**




## Det vert sommarfest i Diakoninemnda på Kyrkjelydshuset torsdag 8. juni kl. 17.00.

**Andakt ved Rune Minde. Kurt Hatten syng og underheld.**
**Rømmegraut, spekemat, kaffi og lefser.**

**Inngangsbillett kr. 100.**
**Du er hjarteleg velkommen.**

Sit du i rullestol eller elles treng skyss, kan me henta deg.
Meld deg på til Solrunn Monslaup tlf. 56169289.
Mobil 95222543 innan 1. juni.

***Helsing oss i diakoninemnda***



MAI NUMMER 5 - 2017 - 46 ÅRGANG - NYTT STOFF INNAN 15. AUG. 2017



# KYRKJEBAKKEN

*Informasjonsblad for Austrheim sokn*



## KYRKJESKYSS

**Treng du skyss for å kome deg til gudstenesta?**

Då kan du ringe kyrkjekontoret
tlf. 56 16 72 90 (før fredag kl. 14)
Eldbjørg Vikane tlf. 95 94 77 35
eller Svanhild Neteland tlf. 41 62 73 90

## Austrheim Kyrkjelyd


**Kyrkjelydskontoret, 5943 Austrheim**
**Tlf. 56 16 72 90**
E-post: kyrkjekontoret@austrheim.sokn.no
www.austrheimkyrkja.no


**Kontortider:**

| | |
|---|---|
| Sokneprest: | Trefftid etter avtale |
| Kyrkjeverje: | |

**Bustadtelefonar:**

| | |
|---|---|
| Sokneprest Per Børge Hillestad | 93 44 29 19 |
| Kyrkjeverje Leif Arne Økland | 40 06 52 31 |
| Organist og kyrkjelydspedagog Jostein Hauge | 40 46 62 11 |
| Kyrkjetenar Gry Haukeland | 41 30 85 58 |
| Soknerådsleiar Helge Dyrkolbotn | 41 66 26 10 |


**KYRKJEBAKKEN**
*Informasjonsblad for Austrheim sokn*

**Redaksjonen**

| | |
|---|---|
| Utgjevar: | Austrheim sokneråd |
| Redaktør: | Svein T Villanger, |
| Redaksjon: | Jorunn Kårdal. |
| Bankgiro: | 3490.07.04196 |
| E-post: | kyrkjeba@online.no |
| Adresse: | 5943 Austrheim |
| | |
| Trykk og Design | Trykk-Service as |


# Gudstenester
## I AUSTRHEIM SOKN

**25.05 – Kristi Himmelfartsdag kl 11.00,**
ved Per Børge Hillestad.
Austrheim Songlag vert med.
Barbeque utanfor kyrkja etter gudstenesta.

**28.05 – kl 10.00:**
Konfirmasjonsgudsteneste
v/ Per Børge Hillestad og Wilco Vogelaar.

**28.05 – kl 12.00:**
Konfirmasjonsgudsteneste v/Per Børge Hillestad og Wilco Vogelaar.

**02.06 – kl 18.00:**
Gudsteneste for alle.

**04.06 – kl 11.00:**
Gudsteneste v/Per Børge Hillestad.

**25.06 – kl 11.00:**
Ordinasjonsgudsteneste – Tone Marit Håland Dyrkolbotn, v/biskop Halvor Nordhaug m.fl.

**02.07 – kl12.00:**
Festivalgudsteneste – i samband med «Ein smak av Austrheim». Festivalteltet. Fellesgudsteneste.

**13.07 – kl 11.00:**
Friluftsgudsteneste v/Per Børge Hillestad, i samband med Fonnesdagen.

**27.08 – kl 11.00:**
Gudsteneste v/Per Børge Hillestad.
Konfirmantpresentasjon.





# Hellisøy fyr

**På Fedje er det i sommer mulig å besøke et åpent Hellisøy fyr, men jeg vil egentlig gjerne kalle det for et åpent «stille rom». I dette rommet er det bokstavelig talt helt stilt, og det brukes av mange. Her finner folk stillhet og ro, her er det mulighet for ettertanke og bønn. Det er et rom som gjør oss godt når det brukes. Det er mentalhygiene å sette seg ned og la stillheten og roen sige inn i kropp og sjel.**



Der er også en mulighet til å be til Ham som ga oss et forbilde i det å benytte oss av det stille rom, alene og sammen med vår himmelske Far. Jesus brukte jevnt det stille rom, da primært forstått som å gå avsides. Han inviterte også disiplene sine med på det: ***«Kom med meg til ein aud stad der vi kan vera åleine, og kvil dykk litt!»*** (Markus 6,31). Jesus trengte det, disiplene gjorde det, og vi bør også innvilge oss det i vår hektiske hverdag. I stillheten åpner vi opp for våre egne følelser, den er en mulighet til å få tenke igjennom krevende saker vi står oppe i, den gir oss mulighet for å la gleden få slippe løs. Kort sagt, stillheten gjør oss på alle måter godt, også i relasjonen til Herren Jesus. Vi har nettopp feiret påske og påsken handler bl.a.om Jesus som søkte stillheten i Getsemanehagen. Der utkjempet han en kamp med sin egen uro og redsel, men også en kamp i forhold til den oppgaven han hadde tatt på seg og fått av Gud: korsfestelse og død som skulle forsone Gud med oss mennesker. I stillheten hentet han styrke for denne oppgaven. Han seiret for at vi skulle få leve, for at vi skulle kunne møte Gud og være hans barn.

Vi nærmer oss pinse, og disse dagene mellom påske og pinsedag anbefales å bli brukt til noe mer stillhet enn det vi ellers innvilger oss. En stillhet som hjelper oss å trenge dypere inn i påskens og pinsens store drama og mysterium. Gå gjerne avsides til et ***«Stille rom»,*** enten det er Hellisøy fyr eller kanskje i vår nydelige skjærgård her i Austrheim.
Et stille rom fordi vi selv trenger det, og fordi vårt forhold til Gud kan trenge det.
Velsignet pinsetid!
Kristus er nå oppstanden. Gud er en forsonet Gud, og vi venter hans livgivende pust fra den hellige ånd.

***Per Børge***



# Kyrkjebøkene i Austrheim



## Døypte

| | |
|---|---|
| 16.04.2017 | Pernille Syslak Haugsgjerd |
| | Filip Torsvik |
| 20.11.2016 | Viljar Lygren Leikvoll døypt i Manger kyrkje |

## Gravlagde

| | | |
|---|---|---|
| 28.04 | Solveig Hope | f.1921 |
| 02.05 | Sigfrid Angelvik | f.1923 |
| 05.05 | Johannes Padøy | f.1939 |
| 12.05 | Petra Kristine Færøy | f.1919 |

## *Utgjevingsplan Kyrkjebakken 2017*

| | LEVERINGSFRIST | KB KJEM UT |
|---|---|---|
| Nr. 06/17 | 15. august | 31. august (første etter sommeren) |
| Nr. 07/17 | 12. september | 28. september |
| Nr. 08/17 | 10. oktober | 26. oktober |
| Nr. 09/17 | 14. november | 30. november ( julenummer) |

## *Hjertelig takk*

Hjertelig takk for rosen som jeg fikk til min 86 års dag, og takk til rosebærer Britt.»

***Hilsen Eline Thorsen***

## *50 års konfirmantane*

50 års konfirmantane i Austrheim vert inviterte til gudsteneste 8.oktober med festleg samvær etterpå. Oversikt på kven som vert inviterte kjem i neste nummer av Kyrkjebakken, som kjem i slutten på august.





# Min salme

Blott en dag et øyeblikk om gangen
hvilken trøst for min forsakte ånd
skulle da bekymring ta meg fangen
allting hviler i min faders hånd
Han som har for meg et faderhjerte
av sitt rike forråd vil han gi
hver en dag dens del av fryd og smerte
hva jeg trenger all min tid

Selv han alle dager nær vil være
for hver særskilt dag med særskilt trøst
hver en dags bekymring vil han bære
stille stormen med sin allmakts røst
og sin dyre eiendom bevare
denne omsorg har han tatt på seg
til din dag skal og din styrke svare
dette løftet gav du meg

Hjelp meg da og hvile trygt å stille
blott i dine løfter Herre kjær
og ei troens rike røst forspille
som i livets ord meg lovet er
hjelp meg Gud å nynne på den sangen
så mitt hjerte mer og mer den kan
blott en dag et øyeblikk om gangen
til jeg når ditt gode land

**Når jeg skal velge en salme som er min, så må det bli «Blott en dag». Dette er en salme som er litt melankolsk, men med en veldig fin og varm tekst.I en hverdag med tidsklemme, og til tider mye på gang, er det godt å sitte seg ved pianoet og spille «Blott en dag, et øyeblikk om gangen». Synes det blir en helt egen ro, både i sjel og rom, når jeg hører denne salmen.**

***Bjørn Helge Olsen***



NMS-FOREINNGA

# "Kjerringrokken" og sokneådet

Inviterer til

## TEMAKVELD OG BASAR

**Austrheim kyrkjelydshus**
**måndag 12. juni 2017, kl 19.00.**

*Frode B. Sætre*
*frå Austrheim har vore misjonær i Mali fleire år. Han vil fortelje frå dette landet som han har fått eit nært forhold til.*



Kveldsmat
Lynlotteri
Trekning av loddbøker



**All inntekt går til Kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt i Mali.**

Alle er velkomne!



# Festdag i Austrheim kyrkje!

**25. juni vert ein utruleg stor dag. Eg skal verta ordinert til prest. Ordinert.. Eit begrep eg ikkje visste kva var for eit par år sidan har no vorte eit av høgdepunkta i livet mitt. Dagen der eg skal gå inn i prestetensta, dagen der eg får lagt den raude stolaen, det vigsla plagget som er eit symbol på at eg er prest, på skuldrene mine. Som eit symbol på at eg skal vera både tenande, bera eit åk og stå i ei oppgåve, i eit liv som prest i Den norske kyrkja.**

At denne store hendinga skal skje i Austrheim kyrkje gjer meg så glad! Kyrkja der eg vart døypt, konfirmert. I kyrkja eg åt restar av laurdagsgodtet mitt sundagar i barndomen, kyrkja der eg fekk arrangera lovsongskonsert, kyrkja der eg hadde vaskejobb og samstundes stod på preikestolen og preika ut i eit tomt kyrkjerom som tenåring. 25.juni skal eg gå opp på den same preikestolen, som prest! Det er heilt sprøtt, eigentleg.
Men søren kor kjekt det er!

Eit kapittel i livet er over, seks år i herlege Oslo er forbi, eit langt studium som har gjeve meg så mykje, som har forma meg, utfordra meg, som eg har fått modnast i og som eg har fått funne meg til rette i. Eg er så takksam for at eg har fått studera teologi desse åra, takksam for støtta frå kyrkja i Austrheim, bøner, gode ord når eg har vore heima, sms-ar i ulike tidspunkt og tilbakemeldingar på at det er stas at eg har vald å gå denne vegen. Det set eg stor pris på. Det gjer òg at det er utruleg stort for meg å verta vigsla, ordinert, til presteteneste i kyrkja og bygda eg er så glad i. Takk til soknerådet og Austrheim kyrkje for at de lagar til fest den 25.juni! Eg håpar verkeleg at alle austrheimingar føler seg hjarteleg velkomne til å vera med på både gudstenesta klokka 11.00, samt middagen på samfunnshuset etterpå – eg har så lyst til å gå inn i dette og feira saman med dykk!

***Det blir ein festdag i Austrheim kyrkje 25.juni!***

## Ordinasjonsgudsteneste i Austrheim

Søndag 25.juni kl 11.00, inviterer soknerådet
til ei spesiell gudsteneste i kyrkja og festleg samvær i samfunnshuset etter
gudstenesta i samband med ordinasjonen av vår eigen Tone Marit Dyrkolbotn.
Set av dagen og møt opp til ein merkedag for Austrheim!



Herren være FORAN deg
For å vise deg
Den rette vei.

Herren være VED SIDEN AV deg
For å lukke deg inn
I sine armer
Og beskytte deg.

Herren være BAK deg
For å bevare deg
For menneskers ondskap.

Herren være UNDER deg
For å fange deg opp
Når du faller,
og redde deg ut av snarene

Herren være I deg
For å trøste deg
Når du har det vondt.

Herren være OVER deg
For å velsigne deg.



2017

# ein smak av

23. JUNI - 2. JULI

www.einsmakav.no

## PROGRAM

Fredag 23.juni
Jonsok på bryggja, trekkspel, bål og noko attåt. I samarbeid med **Kilstraumen Brygge**

Laurdag 24.juni
11.00 Opning av festivalen ved ordførar
11.00-1500 **Bustadmessa 2017**
10.30-15.00 Brunsj i teltet
15.00 Opning av kunstutstilling - i teltet
Festivalkunstner **Anne L. Jakobsen**
18.00 Ope telt med kveldsmeny
19.30 Allsong i teltet med **SPLINT** og midtsommardans med **SPLINT**
Bill kr 195,- + avg. på www.ticketco.no, Euronics Mastrevik Torg og i døra.

Søndag 25.juni
Omvisning Energihuset i Mastrevikane
Øksnesmarkdagen med terrengløp, kajakkpadling og aktivitetar. Meir info kjem.

Mandag 26.juni
10.30-14.00 Brunsj i teltet
17.00 Seniorkvelden: Ope telt med kveldsmeny og underhaldning
19.00 **Da Capo-show med Vidar LØNN ARNESEN og Philip KRUSE.**
Bill. kr 200,- på Mastrevik Bok og Papir, Free Sport Fonnes, Servicekontoret og ticketco.no
Arr. i samarbeid med frivilligsentralen og støtta av Den kulturelle spaserstokk.

Tirsdag 27.juni
10.30-14.00 Brunsj i teltet
18.00 Ungdomsklubben i Austrheim flyttar ut i teltet. Sal av taco, sumobryting,, konkurransar, disco mm. Alkoholfritt arrangement. Gratis inngang.

Onsdag 28.juni
10.30-14.00 Brunsj i teltet
18.00 Lokal lillelaurdag i teltet med kveldsmeny!
19.00 Revy med **FLAUSEKARANE**
21.00 Konsert med **FERDAMANN**
Bill. kr 145,- + avg. for revy eller konsert kr 195,- + avg. for begge. www.ticketco.no, Euronics Mastrevik Torg og i døra.

Torsdag 29.juni
12:00 Blålysetatane kjem - hvis dei ikkje er på oppdrag!
10.30-14.00 Brunsj i teltet
18.00 Ope telt med kveldsmeny
18.30-20.30 Vinkurs «kvitt og ein smak av sjø». Med Bjørn Brekkan frå **Basthaugen Gard**.
Bill kr 490,- + avg. www.ticketco.no og Nordhordland Næringshage.
17.00-21.00 Bilrebus - med nye postar!
Sal av mat før og etter bilrebusen.
Registrering frå kl. 17. Start kl. 18.
Billettar kr 300,- pr. bil ved påmelding.
21.00 Open mikrofon. Meir info kjem!

Fredag 30.juni
10.30-14.00 Brunsj i teltet
12.00-18.00 Havsportaktivitetar i Mastrevikane for heile familien. Gratis.
16.00-18.00 Kaffikurs med **Kaffemisjonen**
18.00 Ope telt med kveldsmeny
19.00 **ODD NORSTOGA** med band + dans med DJ Sylta etter konserten. Bill. kr 395,- + avg. på www.ticketco.no og Euronics Mastrevik.



Laurdag 1.juli
10.00-15.00 Lokalmatmarknad
10.30-15.00 Brunsj i teltet
13.00-15.00 Austrheim-treffen veteranbilar
18.00 Ope telt med kveldsmeny
21.00 **LINJEN BLUESBAND**. Bill. kr 230,- + avg. www.ticketco.no og Euronics Mastrevik Torg

Søndag 2.juli
12.00 Fellesgudsteneste med kyrkjekaffi og lokale innslag. Arrangert av Austrheim sokneråd og dei lokale bedehusa.

Endringar kan førekome!
Hald deg oppdatert på Facebook @einsmakav.

For prisar, billetter og meir informasjon sjå
WWW.EINSMAKAV.NO

Austrheim · Nordhordland Næringshage · Mastrevik torg · Kystlandsbyen · TicketCo



## MASTREVIK TORG - EIN TRIVLEG STAD FOR STORE OG SMÅ

• Daglegvare/post i butikk • Apotek • Klede/gull/gåver/glas • Kafe • Elektro/kvitevarer/belysning • Barneklede • Bokhandel/leikar • Jernvarer/fargehandel • Båt- og fiskeutstyr • Bank/minibank • Blomar • Gardiner/utstyrsvarer • Politi • Bensinstasjon/bilverkstad • Senterkontor 476 79 583




**Velkommen til Bosch Car Service!**
Verkstedet vårt rommer all den erfaringen og kunnskapen som finnes i en av verdens største uavhengige verkstedskjeder. Hos oss kan du få hjelp med alle typer reparasjoner og service for samtlige merker. Bosch har jo også utviklet over halvparten av teknikken i bilen din. Så hvem tror du er den beste til å utføre service på den?

**www.fosbilsenter.no** **Vi gjør alt for bilen din.**

BOSCH Service

BOSCH Service

**Fosnøy Bilsenter**

Tlf: 56 16 75 50

Mastrevik

**DIN RØRLEGGER I DISTRIKTET !**

Kontor tlf. 56 17 07 10 – fax. 56 17 07 11

**Vi påtar oss store og små oppdrag!**
**Når kvalitet og service teller**

**SKARSVÅG**
**Rør og Interiør as**

## MINI FRISØRSALONG

**ønsker velkommen**
**til gamle og nye kunder.**
**Vi treffes på Åråshøgda 10.**

Timebestilling:
Mandag,Tirsdag, Torsdag og Fredag.
Onsdag er stengt
Telefon 56 16 92 00/ 95 21 46 16

***Alla Kurinna og Rieko***

MNTF

***Tannlege***
***Otto Førde***
***i Mongstadkrysset***

***Jeg tar imot nye pasienter***
***og yter akutt hjelp.***

***Telefon vakt 56 16 98 35***

**Per Kenneth Bø**
BYGGMESTER

## Panasonic Varmepumper

5937 BØVÅGEN
**Mob. 481 31 534**
**byggboe@online.no**

Vatne Begravelsesbyrå

Vi kan hjelpe til med rådgivning og tilrettelegging ved begravelser og bisettelser.

**Ring døgnvakt:**
**56 35 09 10**
www.vatne-byra.no
Kvassnesvegen 11
5914 Isdalsbø

## Gravminner

Norsk design og produksjon.
Se utvalg på: www.oienstein.no
Ta kontakt for tilbud. Service.



Gunnar Nilsen, 5943 Austrheim
**Tlf. 56 16 98 84 el. 41 43 98 87**

## BASSENGET PÅ KALAND:

**Garderobane og bassenget på Kaland skule skal gjennom ei større renovering og det vert dessverre ikkje tilbod om offentleg bading framover.**

**Arbeidet kjem til å halde fram utover i dette skuleåret.**

## VI TRENGER FRIVILLIGE.

Les mer og meld din interesse på
**kirkens-sos.no**



KIRKENS SOS

## ANNONSE I KYRKJEBAKKEN?

| | |
|---|---|
| 1/1 side + bakside | kr. 1.000,- |
| 3/4 – 2/3 side | kr. 750,- |
| 1/2 side | kr. 500,- |
| 1/3 side | kr. 350,- |
| 1/4 side | kr. 250,- |
| Små annonser | kr. 150,- |

Korte takkeannonsar er gratis.

## LEGEVAKT/ AMBULANSE

Akutthjelp lege **113** heile døgeret.
**Legevakt 116117**

**Austrheim legekontor**
Tlf. 56 16 82 00
Opningstider for publikum:
**Kl.08.30 - 15.00.**
**Telefontid: 08.30 - 12.00 og 13.00 - 15.00.**

**INGEN RESEPTBESTILLING MÅNDAGAR!**

**Årås helsestasjonen**
**Åpningstider for publikum:**
**kl 08.30- 15.00**
**Helsesøster** tlf. 56 16 82 11
**Jordmor:**
tlf. 56 16 82 12 (kun onsdag)
**Psykisk helse:** tlf. 56 16 82 13

**NYE TELEFON NR. I PLEIE OG OMSORG :**

| | |
|---|---|
| **Nordliheimen :** | 56 16 20 40 |
| **Nordliheimen/kjøkken:** | 56 16 20 49 |
| **Vestlia:** | 56 16 20 55 |
| **Heimesjukepleien:** | 56 16 21 23 |

(ring Nordliheimen etter kl. 15.30)




Vi leverer mat til alle anledninger,
der du vil eller vi ordner lokaler

• Bryllup • Dåp • Åremål • Minnestund • Møte

Vi tilbyr også
• Snitter • Tapas • Gryteretter • Koldtbord

Ta kontakt for et uforpliktende tilbud!

Knūter
CATERING
Knut Owe Larsen | 90 12 16 24 | www.knutercatering.no



*Oppussing av gravmonumenter*

Utfører vasking,
rensing
og oppatmaling.

Gunnar Nilsen 414 39 887


***Giving Hope To A Child (GHTAC)***

**Giving Hope to a Child** har grunna lovendring i Liberia om drift av barneheim, beslutta å endre planane for humanitær hjelp til barn i Liberia. Framfor å bygge barneheim vil vi no finne andre prosjekt som kan hjelpe mange born – vårt første prosjekt er støtte til Vartekeh barneskule som åpna i september kor vi gir skulepengar til dei som treng det mest og planlegg å finansiere eit solcelleanlegg til skulen som neste prosjekt.

- Teikne deg som fadder (Sjå heimesida)
- Teikne deg som gjevar gjennom Norsk Tipping si grasrotordning.
- Gje ei eingongsgåve, konto 3632 57 54065

For meir informasjon sjå heimesida vår: www.givinghope.no eller GHTAC på facebook.

*Rolf Maurseth*
Styreleiar

*Stine B. Karlsen* – Styremedlem
*Tove Odland* – Styremedlem
*Jenfrid Stellberg* – Styremedlem
*Jusu Gyflan* – Styremedlem
*Ole Moen* – Forretningsfører



# KILSTRAUMEN
BRYGGE

Vi kan tilby overnatting i rorbuer, hytter, leiligheter og rom på vertshuset. Restaurantane våre, Salongen og Naustet er godt eigna for søndagsmiddag, familiesamankomster, konfirmasjon, bryllaup og andre store begivenheter som skal feirast.

Utleige av båtar og syklar
Vi tilbyr også catering og overtidsmat.

***Kilstraumen Brygge***
***post@opplevaustrheim.no***
***Mob. 948 53 975***

**Ferietid er lesetid.**
**Kom og lån bøker på biblioteket!**

**Bli med på sommarles for barn og ungdom!**
**Lesepass får du på biblioteket.**

# Sommarles

**12. juni – 1. september 2017**



## Sommarope
### Hovedbiblioteket
3. Juli – 4. august

| | |
|---|---|
| Måndag | 14:00-19:00 |
| Tysdag | 10:00-15:00 |
| Fredag | 10:00-15:00 |

Fonnes filial følgjer skuleruta

**Austrheim Folkebibliotek**
**Tlf. 56162007**
**Epost:**
**biblioteket@austrheim.kommune.no**



## sommarleir på
# Rongevær
## Austrheimkyrkja og NMS-Ung





**22. - 23. JUNI 2017**

**Det er begrensa plass så meld deg på i god tid!**

Er du mellom 7 og 10 år? Bli med på leir med Austrheimkyrkja og NMS-Ung. Vi skal ha mange kjekke aktivitetar: leik, grill, historieforteljing, misjon og mykje meir. Vi får besøk av vår NMS-misjonær Frode, som skal fortelja frå Mali.

Leiren startar torsdag 22.juni rett etter skuleslutt og kyrkja ordner med skyss. Vi reiser tilbake til fastlandet dagen etterpå kl 14.00.
Påmelding til www.kyrkja.no/austrheim/leir eller ring kyrkjekontoret på 56 16 72 90. Leiren er gratis. Har du ein pappa eller ei mamma som har lyst til å hjelpe til? Sei ifrå når du melder deg på. Påmelding før 1. juni.

DEN NORSKE KYRKJA
Austrheimkyrkja

NMS U

STØRST AV ALT
TRUSOPPLÆRING I DEN NORSKE KYRKJA

# Leir på Rongevær

I år skal me prøva noko nytt, og inviterar til leir på Rongevær for 7-10 åringane. Med på leiren vert Frode Brügger Sætre som er misjonær i Mali. NMS-U er medarrangør på leiren. Tema for leiren er misjon. Det er allereie mange påmeldte, og me gler oss veldig. Det er ordna transport. Borna vert henta når skulen er slutt og køyrd til Baløy. Her ventar to båtar som får oss over til Rongevær. Når leiren er slutt må borna hentast på Baløy. Dette vert ein døgnleir, men kanskje den vert to dagar i 2018. Dette er eit spanande prosjekt saman med NMS-U, og om du har lyst til å hjelpe til så ta gjerne kontakt med kyrkjekontoret på 56167290.

# Grøfting på delar av Austrheim kyrkjegard.



**Vi er klar over – og har fått tilbakemeldingar på – at det i våte periodar er utfordringar med blaute parti på delar av kyrkjegarden på Austrheim. Dette gjeld felta lengst mot sør, på den nyaste delen av kyrkjegarden.**
**I regnværsperiodar er det slik at enkelte graver då kan vera dekka av overflatevatn.**
**Dette er ein situasjon som ikkje er haldbar verken for pårørande eller gravferdsforvaltninga i Austrheim.**
**Vi har forståing for at dette skaper negative reaksjonar. Vi har diskutert internt ulike løysingar til korleis vi kan prøva å retta opp i noko av dette.**

Løysinga vi har landa på er at vi kjem til å foreta ei overflatedrenering av det som vert kalla felt 8, 10 og 11. Felt 8 er allereie tatt i bruk til doble graver. Denne dreneringa vert også gjort som eit alternativ til masseutskifting på dei felta som ikkje er tatt i bruk. Grøftedjupna vil vera om lag 60 – 70 cm. Om forholda legg seg til rette, kjem vi til å ta litt dreneringsarbeid no på forsommaren. Elles er planen å dra i gang tyngda av dette arbeidet til hausten, etter at graset har slutta å veksa. I sommarhalvåret treng vi ressursane våre på det generelle stellet av gravplassane.
Når vi kjem i gang med dreneringsarbeidet på det feltet som allereie er tatt i bruk, er planen å drenera rekke for rekke. I praksis kjem vi til å flytta til side gravsteinane medan dette arbeidet pågår. Dreneringsgrøftene vil bli lagt i ei rett linje rett under der som gravsteinane står. Dermed unngår vi at grøftene kjem til å liggja over kistene men istadenfor vil dei gå parallelt på sida av gravene.
Gravferdsforvaltninga har ansvaret for å setja gravminnene tilbake på plass. Dette skjer sjølvsagt utan ekstra kostnader for festarane.



